Ny start: Rehabiliteringsheim for unge mødre med barn

Emunah Neve Michael Children's Village, Pardes Hana



November 2026

NEVE MICHAEL CHILDREN'S HOME 1 Hazfira St. Pardes Hanna 37000 ISRAEL Tel: 04-6377104, Fax: 04-6377541
Hava Levene E-mail: hava@nevemichael.com Tel: 972-524-239545 www.nevemichael.com

Ny start: Rehabiliteringsheim for unge mødre med barn

Kvar ung mor med ein vanskeleg bakgrunn fortener muligheten til å la barnet få vekse opp i eit miljø som er trygt, nærande og styrkande mens dei byggjer dei redskapa dei treng for ei uavhengig framtid.

I mai 2026, fekk vi i anerkjennelse for Neve Michael's langvarige profesjonelle ekspertise og gode terapeutiske rykte, spørsmål frå velferdsdepartementet om å ta på oss å etablere ein einestående rehabiliteringsheim for unge mødre med barn. Dette nye arbeide skulle tilby 12 unge mødre og deira barn, som med rettskjennelse, får stabilitet, rettleiing, emosjonell støtte og mulighet til å gjenoppbygge liva sine.



Sidan juli 2026 har denne heimen tatt imot fire mødre og åtte barn i alder frå fire måndader til 6 år. Ei mor kom hit med to barn mens dei to andre vart plassert i andre heimar annan stad i Israel. Ei anna mor kom med eit barn, eit anna blei flytta til ein annan bolig. Neve Michael arbeider med å legge til rette for overføring av desse tre barna med mål om gjenforeining med mødre og søsken. Den tredje mora kom med to barn og den fjerde med tre.

Bet Levanon blir bygt om til ein trygg og innbydande bolig for desse unge mødrene og barna deira. Prosjektet inneber å møblere 12 soverom, oppgradere bygningen innvendig, renovere terapi og administrative areal, skape tilgjengelege fasilitetar og sette opp utandørs leikeutstyr.

Desse mødrene kjem frå sårbare bakgrunnar og mangler støtteapparat, foreldremodellar og utdanningsmuligheter som er nødvendig for å skape eit sunt og uavhengig liv for dei sjølv og for deira barn.

Programmet er laga slik, ikkje berre for å tilby eit hus dei kan bu i, men også for å skape opplevingar som kan forvandle og rehabilitere, gje styrke og håp.

I løpet av opphaldet på 12 månader vil kvar av mødrene få:

- Foreldrerettleiing og praktisk støtte til å stelle sine barn.
- Individuell og felles terapeutisk støtte leia av profesjonelle sosialarbeidarar.
- Hjelp til å forstå og trene seg på hennar juridiske og sosiale rettar.
- Yrkesfagleg og utdanningsmessig trening tilpassa hennar evner og ambisjonar.
- Forberede seg for integrering i arbeidsliv og uavhengig samfunnsliv.
- Emosjonell støtte, personleg styrke og utvikla livsferdigheter.

NEVE MICHAEL CHILDREN'S HOME 1 Hazfira St. Pardes Hanna 37000 ISRAEL Tel: 04-6377104, Fax: 04-6377541
Hava Levene E-mail: hava@nevemichael.com Tel: 972-524-239545 www.nevemichael.com

Barna vil ha fordel av eit trygt og støttande rammeverk frå tidleg barndom. Dette inkluderer barnehage og førskule og hjelp med å skape stabil og sunn utvikling dei mest kritiske tidlege år av livet deira.

Visjon bak denne heimen er enkel samtidig som den er djuptgåande: å tilby unge mødre muligheten til å oppleve ei positivt småbarnstid, utvikle tillit til deira evner, og bygge ei framtid med uavhengighet, ansvar og verdighet både for dei sjølv og for barna deira.

Det er viktig at dette huset ikkje er meint som nødly. Kvinnene som deltar i programmet er ikkje i umiddelbar fare, men dei deltar i ein strukturert rehabiliteringsprosess som er tilrettelagt for å hjelpe dei med ein vellykka overgang til eit uavhengig liv i samfunnet.

Heimen består av:

- 12 ferdig møblerte mor-barn rom
- Bad med dusj
- Eit fullt utstyrt felles kjøkken
- Eit kultur og aktivitetssenter med audiovisuelt utstyr
- Barnehage for spebarn og småbarn
- Utandørs rekreasjonsareal og barnefasiliteter
- Professionell support frå medarbeidarar og tilsyn døgnet rundt

Denne rehabiliteringsheimen vil bli ein viktig del innanfor ei breiare terapautisk og velferdsmessig rammeverk I barnebyen. Den vil tilby livsforvandlande muligheter for unge mødre og deira barn og også styrke det sosiale rammeverket som er tilgjengeleg for befolkninga i Israel.

VIKTIG BEHOV
Bygging av bomberom

Bet Levanon medfører krav om at det blir bygt endå eit 25 m^2 forsterka etasjebomberom (MAMAD) i andre etasje I tillegg til utviding og oppgradering av eksisterande bomberom på bakkenivå. Desse forbetringane er kravd av Israel's Home Front Command og vil tilby mødre, små barn og tilsette umiddelbar tilgang til trygge rom ved missil angrep og andre nødsituasjonar.

Dei langvarige krigane med Iran, Hezbollah og Houthiane har vore spesielt krevande for barna på Neve Michael. Våre barn kjem til barnebyen etter å ha opplevde overgrep, avvisning, ustabile familiforhold og alvorlege traumer. For barn som allereie kjempar med PTSD vil lyden av serener, eksplosjonar og springing til tilfluktsrom reaktivere tidlegare frykt og trigge panikk, angst, hyperventilering, søvnforstyrrelsar og emosjonell tilbaketrekking.

Tilgjengelege bomberom på kvar etasje er derfor viktige, ikkje berre for fysisk tryggleik, men også for emosjonell

tryggleik.

Ved ein alarm må mødrene og dei tilsette kunne få barna i sikkerhet umiddelbart utan å navigere i trapper eller krysse areal som er utsette. Å vite at det er eit sikkert område nært, hjelper å redusere frykt, gjenopprette ein slags stabilitet og forsikre barn at dei vaksne si omsorg for dei kan halde dei trygge.

Dei foreslåtte tiltaka vil tilby langt meir enn forsterka veggar. Dei vil skape trygge og beroligande miljø der sårbare mødre og barn kan kjenne seg beskytta fysisk så vel som emosjonelt i tider med utrygghet og fare.

Utrekna kostnad for bygging av desse to bomberomma er 550000 USD/1652000NIS. Med dagens (06.11.26) kronekurs utgjer det 4.868.609,- kr.

Nye begynnelser

Prosjektet tilbyr sårbare unge mødre og deira barn mykje meir enn berre ein trygg plass å bu. Gjennom trygg bustad, terapirom, praktisk rettleiing og omsorgsfullt miljø, vil familiane få stabilitet og kan det som skal til for å bygge uavhengighet, og ei framtid med håp. Med di støtte kan Neve Michael omdanne dette Huset til eit sikkert, og ein sann heim for helbredelse, verdighet, og muligheter for generasjonar som kjem.



Family created by AI

Bet Levanon

Estimert budsjett for bygging av bomberom i andre etasje og utviding av eksisterande bomberom på grunnplan (MAMADs)

Kontrakt juli 2026
Dokument datert: 29. juli 2026

Code	Budsjettpost	Sum (NIS)
01	Grunnarbeid	22,655
02	Betongarbeid	388,530
04	Murarbeid	24,500
05	Fuktsperre	25,970
06	Spesialtilpassa snekkerarbeid og stålarbeid	148,965



Code	Budsjettpost	Sum (NIS)
07	Røyr- og sanitæranlegg	26,000
08	Elektrisitet, brannsikkerhet og Air Condition	157,530
09	Gipsarbeid	161,530
10	Golv og veggkledning	97,800
11	Malingsarbeid	177,000
20	Strukturell snekring og taktekking	40,000
22	Prefabrikerte bygningskomponenetar	115,675
24	Riving, demontering og forberedande arbeid	65,000
40	Områdeutvikling	25,000
	Total	**1,476,155**
	Special pris for Neve Michael	**–76,155**
	Total etter avslag	**1,400,000**
	Total pris før VAT(tilsvarar mva)	**1,400,000**
	VAT 18%	252,000
	Total inkludert VAT	**1,652,000**

Endeleg projektkostnad, includert VAT: NIS1,652,000.

NEVE MICHAEL CHILDREN'S HOME 1 Hazfira St. Pardes Hanna 37000 ISRAEL Tel: 04-6377104, Fax: 04-6377541
Hava Levene E-mail: hava@nevemichael.com Tel: 972-524-239545 www.nevemichael.com